

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutvall - 19.11.2021

Emil Kvebæk Øvretveit sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 1:

VU meiner tilbodet om skulefrukost skal oppretthaldast».

Emilie Mortvedt Troland sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 2:

Ikkje kutte ut meningokokkvaksine»

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 3:

Bybusstaksten Førde/Florø skal harmonera med taksten for ei sone i Hordaland. 40 for vaksen og 20 for born. Dette skal gjelda frå årsskiftet»

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 4:

For å harmonera med dei andre utvala i Vestland fylkeskommune bør budsjettet til Vestland Ungdomsutval vera høgare enn dei andre medverknadsorgana. Dette for å kunna få utbetalt møtegodtgjersle og moglegheita til å kunna arrangera Fylkesting for ungdom. Dette er utgifter som er høgare i Vestland Ungdomsutval enn i dei andre medverknadsorgana.»

Emil Kvebæk Øvretveit sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 5:

VU er glad for at det budsjetterast til tilskotsordninga Lokale transporttilbod for ungdom (LTU), kor kommunale kan søka om midlar til fleksible og alternative transportløyisingar for ungdom. Samstundes, hadde VU gjerne sett at det blei satsa endå meir på denne ordninga».

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 6:

Turistrute Hardanger: Fylket bør ikkje fortsetja å subsidiera ei turistrute som det ikkje er passasjergrunnlag for».

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 7:

Vestland bør levera tilbake arkiva til kommunane i Sogn og Fjordane då dette er ei kommunal oppgåve. Då slepp ein å investera i eit nytt arkivbygg.»

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

«Tillegg 8

Felles administrasjon Voss: samanslåing av skulane på Voss bør gjennomførast som eit spareiltak. Dette gjeld administrative oppgåver og ikkje fysisk skulane.»

Sander Eide Aase sette fram følgjande forslag:

« Tillegg 9:

Privatisteksamen bør promoterast betre for å kunna auka inntektene».

Avrøysting

Øvretveit sitt forslag til tillegg 1 vart vedteke mot 1 røyst.

Troland sitt forslag til tillegg 2 vart vedteke mot 1 røyst.

Aase sitt forslag til tillegg 3 vart vedteke mot 1 røyst.

Aase sitt forslag til tillegg 4 vart samrøystes vedteke.

Øvretveit sitt forslag til tillegg 5 vart samrøystes vedteke.

Aase sitt forslag til tillegg 6 vart samrøystes vedteke.

Aase sitt forslag til tillegg 7 vart samrøystes vedteke.

Aase sitt forslag til tillegg 8 vart vedteke mot 4 røyster.

Aase sitt forslag til tillegg 9 vart vedteke mot 3 røyster.

Vedtak

VU kjem med følgjande uttale:

- VU meiner tilbodet om skulefrukost skal oppretthaldast
- Ikkje kutte ut meningokokkvaksine
- Bybusstaksten Førde/Florø skal harmonera med taksten for ei sone i Hordaland. 40 for vaksen og 20 for born. Dette skal gjelda frå årsskiftet
- For å harmonera med dei andre utvala i Vestland fylkeskommune bør budsjettet til Vestland Ungdomsutval vera høgare enn dei andre medverknadsorgana. Dette for å kunna få utbetalt møtegodtgjersle og moglegheita til å kunna arrangera Fylkesting for ungdom. Dette er utgifter som er høgare i Vestland Ungdomsutval enn i dei andre medverknadsorgana.
- VU er glad for at det budsjetterast til tilskotsordninga Lokale transporttilbod for ungdom (LTU), kor kommunale kan søka om midlar til fleksible og alternative transportløyisingar for ungdom. Samstundes, hadde VU gjerne sett at det blei satsa endå meir på denne ordninga.
- Turistrute Hardanger: Fylket bør ikkje fortsetja å subsidiera ei turistrute som det ikkje er passasjergrunnlag for.
- Vestland bør levera tilbake arkiva til kommunane i Sogn og Fjordane då dette er ei kommunal oppgåve. Då slepp ein å investera i eit nytt arkivbygg.
- Felles administrasjon Voss: samanslåing av skulane på Voss bør gjennomførast som eit spareiltak. Dette gjeld administrative oppgåver og ikkje fysisk skulane.
- Privatisteksamen bør promoterast betre for å kunna auka inntektene.